

Reguleringsplan for offentleg turveg Håkkedalen

Reguleringsføresegner for detaljregulering, offentleg turveg Håkkedalen

PlanID 3820 2020003

Planføremål

Området vert regulert til følgjande føremål;
(jf. plan- og bygningslova §12-5)

SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL § 12-5, 2.ledd nr.2):

- Anna veggrunn, grønt, offentleg (o_SVG)

GRØNSTRUKTUR (PBL § 12-5, 2.ledd nr.3):

- Turveg, offentleg (o_GTD)

BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG (PBL § 12-5, 2.ledd nr.6)

- Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (V)

OMSYNNSONER (PBL § 12-6)

- a) Sikringssone
 - Nedslagsfelt drikkevann (H110)
- b) Faresone
 - Flom (H320)

1 Mål med planen

Målet med planen er å legge til rette for ei god sykkelrute mellom Flatdal og Seljord utanom fylkesvegen gjennom Flatdal. Dette er del av prosjektet «Opplevingsvegen om Nutheim», der målsetjinga er å lage sykkelruter med fokus på landskapsopplevelingar i kultur- og sogelandskapet, til glede både for lokale og for tilreisande fot- og sykkelturistar.

2 Fellesføresegner for heile planområdet

2.1 Overvasshandtering

- a) Ved søknad om rammeløyve skal det i landskapsplanen visast prinsippløysingar for overvasshandtering i området, samanheng med overordna hovudsystem, dimensjonering, overvasshandtering (inkludert opne flaumvegar) og grønstruktur.
- b) Bygg og anlegg skal utformast slik at naturlege flaumvegar blir tatt vare på og slik at det er sikra tilstrekkeleg tryggleik mot flaum.
- c) Overvatn skal i hovedsak førast gjennom infiltrasjon i grunnen og i opne vassvegar. Opne strekningar for elver, bekkar, vatn og dammar skal oppretthaldast.

2.2 Funksjons og kvalitettskrav

- a) Materialbruken skal vera av slitesterke løysingar, materialar, dekke og kantar.
- b) Prinsipp for universell utforming skal integrerast i heilskapsløysingar i planar og tiltak.
- c) Det skal etablerast naudsynt sikring langs fylkesvegen.

2.3 Automatisk freda kulturminne

Dersom det viser seg at tiltak eller anleggsarbeid innafor planen kan skade, øydelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på anna måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne eller framkalle fare for at dette kan skje, må arbeida straks stoppast og kulturminneforvaltinga skal straks varslast. Tiltakshavar og/eller ansvarshavande leiar på staden har ansvaret, jf.

Kulturminneloven § 8.

2.4 Landskapsplan/teknisk plan

Ved søknad om tiltak innafor planområdet skal det sendast inn plan i målestokk 1:200 for heile planområdet.

Planen skal vise:

- a) Areal og utforming for turveg og bru
- b) Utforming og materialbruk for dekke, gjerde og murar.
- c) Nye og eksisterande koter, høgder og universell utforming.
- d) Byggetekniske konstruksjonar for bru og turveg med tilhøyrande skråningsutslag/murar.
- e) Overvassplan. Handtering av overvatn og flomvegar.

3 Rekkefylgjeføresegner

3.1 Før rammeløyve

- a) Skal det for tiltak innanfor planområdet, ligge føre godkjend landskapsplan, målestokk 1:200
- b) Skal det ligge føre godkjend teknisk plan.
- c) Skal landskapsplanen og den tekniske planen godkjennast av Vestfold og Telemark fylkeskommune.

3.2 Før igangsettingsløyve

- a) Skal eventuelle tiltak for å sikre grunnstabilitet vera dokumentert.
- b) Skal det ligge føre godkjenning av tiltaket frå NVE.

4 Føresegn til arealføremål

4.1 Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

4.1.1 Fellesførsegn for samferdslesanlegg og teknisk infrastruktur

Dersom det er hensiktsmessig for heilsaksløysinga, kan areala og grensene mellom følgjande føremål forskyvast innbyrdes: o_GTD og o_SVG.

4.1.2 Anna veggrunn – grøntanlegg (o_SVG1-2)

- a) Arealet skal nyttast til naudsynt terrengforming for å tilpasse turvegen i terrenget. Kantsona langs vassdraget skal i størst mogeleg grad takast vare på, evt. reetablerast med naturlege og stadeigne vekstar.

4.2 Grønstruktur (§ 12-5 nr. 3)

4.2.1 Turveg (o_GTD 1-3)

- a) O_GTD 1: Gjeld turveg i nord, regulert breidde 2,5 m
- b) O_GTD 2: Gjeld turvegbru over elva, regulert breidde 3,5 m
- c) O_GTD 3: Gjeld turveg med terrengmur i sør, regulert breidde 3 m

4.3 Bruk og vern av sjø og vassdrag (§ 12-5 nr. 6)

4.3.1 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (V 1-2)

- a) Gjeld eksisterande vassdrag innafor planområdet.
- b) Det er ikkje lov med utfylling i elva.

5 Omsynssoner (§§ 12-6 og 11-8)

5.1 Sikrings-, støy- og faresoner (§ 11-8 a)

5.1.1 Sikringssone, nedslagsfelt drikkevatn (H110_1)

- a) Innafor sikringssona skal det ikkje etablerast tiltak eller gjerast fysiske inngrep som kan føre til fare for ureining av vasskjelda.

5.1.2 Faresone, Flom (H320_1)

- a) Omsynssona viser fareområde for 200-årsflaum med klimapåslag.
- b) Innafor omsynssona skal det ikkje etablerast bygningar eller offentlege tiltak og installasjoner som kan ta skade av flaum. Det skal heller ikkje etablerast tiltak som kan forverre ein flaumsituasjon, mellom anna ved oppdemming.